

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Vestland fylkeskommune har ikkje mynde til å instruere kommunane. Den rette instansen for denne førespurnaden er Kommunenes sentralforbund (KS) eller Fylkesmannen. Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse vil syte for at spørsmålet kjem til rett instans.

I tillegg vil Fylkesdirektøren oppmode mobbeombodet i Vestland om å følgje opp spørsmålet. Mobbeombodet har eit arbeidsområde som omfattar barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular, opplæringsbedrifter, føresette og tilsette, og jobbar etter eit nasjonalt mandat der det mellom anna står:

Mobbeombodet skal:

støtte og rettleie barn, elevar og foreldre slik at deira rettar til eit godt psykososialt miljø i heile grunnopplæringa blir tekne hand om.